



Tilbud om skogbruksplan i Bergen og Os

Bestillingsfrist: 01.03 2026



Til skogeigarar i Bergen og Os

Det er tid for nye skogbruksplanar i Bergen og Os. Her kjem det litt informasjon om prosjektet og kvifor det er viktig for deg som skogeigar.


Alle eigedomar med over 50 dekar skog må være miljøsertifisert før dei kan omsetje tømmer.

Statsforvalteren gir nå 50 % tilskot til alle som bestiller skogbruksplan.

Informasjonsmøter om prosjektet holdes:

- Stend VGS 11.02.26 kl 18:00–19:30
- Digitalt 16.02.26 kl 18:00–19:00

Påmelding til digitalt-møte på Teams skjer ved å bruke QR-koden til høgre eller via nettsida til Framtre. Du vil då få ei lenkje på e-post som du kan trykke på for å bli med i møtet.



Framdriftsplan

- Fototakst 2026/2027
- Åpent kontor 2027 (der skogeigar kan teikne inn nye vegar, hogstar o.l.)
- Feltarbeid 2027
- Planane blir leverte til skogeigaren desember 2027
- Faktura sendast til skogeigaren etter levering (meir informasjon i vedlagd prisliste)

Kva er dette?

Ein skogbruksplan er eit verktøy som gir deg innsikt i skogressursane på eigedomen din. Den består av lettlesne kart og råd om korleis eigedomen bør drivast best mogleg med omsyn til økonomi og miljø i eit langsiktig perspektiv.

Med ALLMA er planen blitt digital og alltid med deg på mobil/nettbrett. Dette kombinert med GPS vil gjere at du kan gå og sjå i skogen din med eit heilt nytt perspektiv. Skogarealet er på karta delt inn i bestand etter alder, treslag og skogen si produksjonsevne (bonitet). Du får oversikt over volum, tilvekst, areal, treslagsfordeling m.m.

All data i planen vil liggje i ALLMA, men du kan velje å få planen eksportert og tilsend som PDF eller på papir mot eit pristillegg. Vel du papir, får du ein perm med planen og store hogst-klassekart og ortofotokart i målestokk 1:5000 i A3- eller A1-format.


Feltbefaring av:

- Hogstklasse 1 og 2, alle treslag.
- Granbestand i hkl 4 og 5.
- Furubestand i hkl 5 (med over 20 m³/daa).
- Miljøregistreringer

Miljøregistrering

For å kunne selje tømmer, må eigedomen vere miljøsertifisert iht Norsk PEFC Skogstandard. Det blir den ved å bestille ein skogbruksplan. PEFC er verdas største skogsertifiseringssystem og skal sikre eit berekraftig skogbruk.


Vi gjer synfaring på eigedomen og brukar metoden Miljøregistrering i skog (MiS-registrering). Vi kartlegg område som er viktige å ta vare på med omsyn til biologisk mangfald. Resultata frå miljøregistreringa blir inkluderte i planen og desse vil vere godkjende i 15 år frå leveringsdato.



For bestilling av ny skog- og miljøplan:

Logg inn på Min side på framtre.no for å bestille med bankID.

Dersom du ikkje har bruker hos FramTre, gå inn same stad og bruk denne koden:
17685 (Bergen), 17686 (Os)



Kontaktpersonar i prosjektet

Har du spørsmål når det gjeld skogbruksplanen kan disse kontaktast

Prosjektleder FramTre

Kjell Anton Svennevik | e-post: kjell.svennevik@framtre.no |
tlf: 932 45 998

Takstutvalet

Didrik Fasmer (leder) | e-post: d.fasmer@combibel.no
Morten Solstrand | e-post: msolstr@online.no
Paul Jone Sæervold | e-post: saervold@online.no
Terje Håvardstun | e-post: terjehavardstun@gmail.com
Atle Ameland | e-post: atle@fanagro.no

Bjørnafjorden kommune

Michal Westfall | e-post: micwes@bjornafjorden.kommune.no

Bergen kommune

Kjetil Andre Rødland | e-post: kjetil.rodland@bergen.kommune.no

Statsforvalteren i Vestland

Gro Kamp Hansen | e-post: grkha@statsforvalteren.no



FramTre

FramTre SA
Storgata 171
3915 Porsgrunn

framtrepost@framtre.no